



## Leirvåg

**Stad** Valevåg i Sveio
**Turkart** Turkart for Sveio (1:50 000), utg. 2014
**Startpunkt** Ved Nappen bru
**Parkering** Ved Nappen bru
**Merking** Informasjonstavle ved startpunkt. Skilta etter ny løypestandard
**Tidsbruk** Omlag ein time tur/retur
**Gode råd** Bruk gode sko. Turstien har ein del våte parti

Ta av til venstre før inngangen til brua over til Nappen. Følg tursti langs sjøen. God sti i lett terreng, nokre delar av sti går over myr.

**Kolerakyrkjegarden**
Ved friluftsområdet i Leirvåg finns ein godt bevart kolerakyrkjegard vigsla i 1849, då koleraepidemien råka vestlandskysten. Epidemien starta under sildefisket og spreidde seg raskt. Kolera er ein akutt, smittsam og svært vondarta tarminfeksjon som kan overførast med drikkevatn og matvarer. Koleragravplassane ligg ofte langt frå folk og hus. Folk trudde dei døde kunne smitta også etter at dei var komne i jorda. Så stor var frykta, at dei ofte ikkje eingong tok seg tid til å skifte klede på lika før dei vart gravlagde.

Kolerakyrkjegarden er kjent som «Kirkegården ved havet» etter ein komposisjon av Fartein Valen. Komponisten Fartein Valen (1887–1952) budde og arbeidde store periodar av livet sitt i Valevåg, og «Kirkegården ved havet» er eit av dei mest kjende verka hans. Diktet «Le Cimetière Marin» av Paul Valery, om den store krigskyrkjegarden i Cette i Frankrike, inspirerte Valen til dette verket, men Valen har og fortalt at tankane hans gjekk til denne vesle gravplassen ved Valevåg.

**Location:** Valevåg, municipality of Sveio
**Map:** Sveio tourist map (1:50 000)
**Starting-point:** Nappen bridge
**Parking:** Near Nappen bridge
**Signboard:** At the starting-point, standardized information
**Time needed:** About 1 hour there and back
**Advisable:** Use sturdy shoes or boots; some wet patches

At the bridge to Nappen, take the path to the left just before the bridge. It is an easy walk, some of the way near the sea, some across a marsh.

At Leirvåg there is a recreation area, and a graveyard area used in 1849 for victims of the cholera epidemic in western Norway. The epidemic came during the herring season and spread fast, highly contagious and malignant, infecting food and drinking-water. People were terribly afraid of the disease, and sometimes buried the dead without even taking time to change their clothes. The special cemeteries were often a good distance from where people lived, in the belief that the dead could infect others even after they were buried.

This cholera victims' graveyard has become known as "The cemetery by the sea", the title of one of the best known pieces of music by composer Fartein Valen (1887–1952), who lived and worked in Valevåg a large part of his life. Paul Valery's poem about war graves at Cette in France inspired Valen when he wrote the piece, but he said he was also thinking of this small cemetery near Valevåg.






### Allemannsretten

- Ta omsyn til utmarknæringane
- Lukk igjen grinda etter deg
- Vis omsyn til andre brukarar av utmarka
- Forstyrr ikkje dyr og fuglar
- Alt vilt er freda med unntak av lovlig jakt
- Ferskvassfiske krev spesielle løyve
- Det er bandtvang heile året
- Det er forbode å tenna open eld i skog og mark frå 15. april til 15. september
- Åtvaring: all ferdsel er på eige ansvar. Ved ulykker ring 112 eller 113

### Public access to the countryside

- Show consideration for wilderness industries
- Always close all gates behind you
- Show consideration for other users of uncultivated land
- Freshwater fishing require special permits
- Do not disturb animals and birds
- All game is protected except for legal hunting
- Dogs must be kept on a leash all year
- Caution: all passage is at your own risk. Call 112 or 113 in emergency situations

### Jedermanns recht

- Nehmen Sie auf die wirtschaftliche Nutzung des Ödlands Rucksicht
- Machen Sie di Gatter hinter sich zu
- Nehmen Sie auf die anderen Benutzer des Ödlands Rucksicht
- Süßwasserfischerei erfordert besondere Erlaubnis
- Storen Sie die Tiere und Vogel nicht
- Alle Tiere geschützt sind, mit Ausnahme der gesetzlichen Jagd
- Es gibt Leine ganzes Jahr
- Warnung: das Wandeln in der Naturen geschieht auf eigene Gefahr. Bei Notfallen 112 oder 113 anrufen

Sveio kommune
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
GjensidigeStiftelsen

Grafika AS · 468 11 000 Foto: Ellen Tveit